

Nulltoleranse mot mobbing - regelverk om skulemiljø

Alle elevar har rett til å ha eit trygt og godt skulemiljø som fremjar helse, trivsel og læring.


Det er elevane si eiga oppleving av korleis dei har det på skulen, som er avgjerande.



Skulen skal

- følge med på at elevane har det trygt og godt på skulen
- gripe inn og stoppe det med ein gong, dersom det er mogleg
- seie frå til rektor
- undersøkje det som har skjedd
- laga ein plan med tiltak

Dersom ein elev opplever å bli mobba eller krenkt av ein lærar eller andre som jobbar på skulen, har skulen eit ekstra ansvar for å følge opp saka.



Melde saka til fylkesmannen

Dersom du meiner at skulen ikkje har gjort nok for å stoppa krenkingar, kan du melda saka til fylkesmannen.

- Først må du ha teke opp saka med rektor på skolen.
- Det må ha gått minst ei veke frå du tok opp saka med rektor.
- Saka må gjelde skulemiljøet på den skulen eleven går på no.
- Er det heilt spesielle tilfelle, kan du uansett ta kontakt med fylkesmannen.

Fylkesmannen skal finne ut om skulen har gjort jobben sin, og bestemma kva skulen skal gjere for at eleven får det trygt og godt på skulen.



Nullmobbing.no

På nullmobbing.no finn du informasjon om

- kva for rettar elevar og foreldre har
- kva ein kan gjere dersom ein opplever mobbing
- kven ein kan ta kontakt med
- korleis melde frå om mobbing



NULLMOBBING

DU HAR RETT TIL Å HA DET BRA

.NO